Kvinnherad kommune
Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org. nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.00083
post@kvinnherad.kommune.no
www. kvinnherad.kommune.no
facebook.com/kvinnherad

Helse- og omsorgsdepartementet
postmottak@hod.dep.no

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
		2014/233-3		**07.03.2014**

Høyring - reservasjonsordning for fastlegar - Politisk uttale.

Kvinnherad formannskap hadde saka føre i møte 06.03.2014, sak 2014/19.
Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Med helsing

Mette Guddal
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe	*Saksbehandlar*
2014/233-2	Gunn Tove Petterteig

Saksgang		
Saksnr	***Utval***	***Møtedato***
2014/10	Komite for helse, omsorg, miljø	04.03.2014
2014/19	Formannskapet	06.03.2014

Høyring- reservasjonsordning for fastlegar - Politisk uttale

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune meinar at dette er eit spørsmål som ikkje bør liggje på kvar kommune. Det skal vera ei felles nasjonal retning som Stortinget fastset for alle kommunar.

Behandling i Komite for helse, omsorg, miljø den 04.03.2014

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ GERHARD EIDE (H):
Kvinnherad kommune ser positivt på regjeringa sitt forslag om fastlegers rett til reservasjon.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HILDE ENSTAD (AP):
Uttale til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt forslag om endringar i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. og Lov om pasient- og brukarrettar, og forskrift om endringar i fastlegeforskrifta og forskrift om pasient- og brukarrettar i fastlegeordninga.

Kvinnherad kommunestyre meiner at dei føreslegne endringane i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. og Lov om pasient- og brukarrettar kan medføra eit dårlegare helsetilbod i Kvinnherad kommune. Endringsforslaget vil kunna gi kvinner i ein sårbar situasjon eit vanskeleg møte med primærhelsetenesta.

Kvinnherad kommunestyre meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon skal vega tyngst og ber difor om at Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag ikkje blir vedteke.

Kvinnherad kommunestyre meiner at spørsmålet om reservasjonsrett for fastlegar må vera heimla i lov og forskrift med same reglar for heile landet og ikkje, slik HOD føreslår, vera opp til den enkelte kommune og avgjera.

Kvinnherad kommunstyre vil ikkje opna for at fastlegar i kommunen skal kunna reservera seg mot å tilvisa til abort.

Røysting:
Framsett forslag frå G. Eide fekk 1 røyst og fall.
Framsett forslag frå H. Enstad fekk 1 røyst og fall.
Rådmannen si innstilling fekk 6 røyster og vart vedteken. Hilde Enstad røysta mot.

Innstilling frå Komite for helse, omsorg, miljø den 04.03.2014

Kvinnherad kommune meinar at dette er eit spørsmål som ikkje bør liggje på kvar kommune. Det skal vera ei felles nasjonal retning som Stortinget fastset for alle kommunar.

Behandling i Formannskapet den 06.03.2014

FRAMSETTE FORSLAG FRÅ:
Arve Opsanger (Ap):
Uttale til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt forslag om endringar i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. og Lov om pasient- og brukarrettar, og forskrift om endringar i fastlegeforskrifta og forskrift om pasient- og brukarrettar i fastlegeordninga.

Kvinnherad kommunestyre meiner at dei føreslegne endringane i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. og Lov om pasient- og brukarrettar kan medføra eit dårlegare helsetilbod i Kvinnherad kommune. Endringsforslaget vil kunna gi kvinner i ein sårbar situasjon eit vanskeleg møte med primærhelsetenesta.

Kvinnherad kommunestyre meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon skal vega tyngst og ber difor om at Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag ikkje blir vedteke.

Kvinnherad kommunestyre vil ikkje opna for at fastlegar i kommunen skal kunna reservera seg mot å tilvisa til abort.

Marit E. Totland (Krf):
1. Ein mulighet til å reservera seg mot å henvisa til abortinngrep, bør vera heimla i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.
2. Ein føresetnad for at ein fastlege kan nytta seg av ein slik mulighet, må vera at det finnest legar ikkje for langt vekke som kan ivareta desse oppgåvene. Ordningar som er skissert i høyringsutkastet med vidare henvising til annan lege allereie neste dag, god informasjon frå fastlegane og skifte av fastlege utan at det går utover kor ofte ein kan skifte fastlege, må vera gjort godt kjende slik at intensjonen med å ta vare på kvinna sine rettar blir reelle.

<u>Prøverøysting:</u>
- Innstillinga fekk 6 røyster
  Totland sitt forslag fekk 1 røyst
  Opsanger sitt forslag fekk 2 røyster

<u>ENDELEG RØYSTING:</u>
- Innstillinga vedteken med 6 røyster, 3 røysta for Opsanger / Totland sine forslag.

Vedtak frå Formannskapet den 06.03.2014
Kvinnherad kommune meinar at dette er eit spørsmål som ikkje bør liggje på kvar kommune. Det skal vera ei felles nasjonal retning som Stortinget fastset for alle kommunar.

Saksutgreiing:
Det kongelege Helse og omsorgsdepartementet har sendt ut ei høyring på forslag til endring i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrett lova. (heimel til å gje forskrift om reservasjonsmulighet for fastlegar og rett til å skifte fastlege ved reservasjon) og forskrift om endringar i fastlegeforskrifta og forskrift om pasient og brukarrettar i fastlegeordninga.

Departementet føreslår å opna for at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ønskjer å henvisa kvinner til abort.

Rådmannen meinar reservasjonsretten er eit politisk standpunkt som må drøftast politisk og gje eit høyringsutsagn ut frå politisk syn.

Høyringsfristen er onsdag 30.04.14

Formannskapet bestemmer om saka skal vidare til kommunestyret før høyringsuttale blir sendt.

Rådmannen kjenner ikkje til at nokon av våre fastlegar i Kvinnherad reserverar seg av samvitsgrunnar.

Økonomisk konsekvens:

Miljømessig konsekvens:

Vedlegg:
Høyringsbrev
Høyringsnotat

Vedlegg til sak:
Reservasjonsbrev:
http://www.regjeringen.no/pages/38601966/brev_reservasjonsordning_for_fastleger.pdf
Høyringsnotat:
http://www.regjeringen.no/pages/38601964/horingsnotat_reservasjonsordning_fastleger_210114.pdf